



Friluftsrådet Vest KO, revidert selskapsavtale

Utval

Hovudutval teknisk og næring

Formannskapet

Kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Friluftsrådet Vest KO slik det går fram av representantskapet sitt vedtak frå april 2026 og vedlegget til denne saka.

Saksframlegg

Samandrag

I gjeldande selskapsavtale for Friluftsrådet Vest har alle medlemskommunane rett på å vera representert med eitt medlem i styret. Friluftsrådet har no 13 medlemskommunar, og styret har såleis 13 medlemar. I framlegget til ny selskapsavtale er talet på styremedlemar sett til sju med numerisk valde varamedlemar. Styret får såleis ein meir naturleg storleik, og rollene til både styre og representantskap blir tydelegare.

Bakgrunn for saka

Friluftsrådet Vest blei stifta 18. november 1983 under namnet Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd. På stiftingstidspunktet bestod friluftsrådet av berre åtte kommunar, Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Ølen. I oppstartsfasen var det både naturleg og praktisk at alle kommunane var representerte i styret.

Etter kvart som Friluftsrådet Vest har vakse, har ein til no halde fram med ordninga der kvar kommune er representert både i styret og representantskapet. Eigarane har no, gjennom drøftingar i representantskapet, kome fram til at det er mest tenleg med eit mindre styre for verksemda. Det er likevel teke inn i § 7 at styrerepresentantane må reflektera geografisk spreining blant eigarkommunane.

Saks- og faktaopplysningar

Det er viktig at styret i ei verksemd er av ein slik storleik at det kan fungera som eit tett og samla kollegium. Dette gjeld uavhengig av om verksemda er eit aksjeselskap (AS), eit interkommunalt selskap (IKS) eller eit kommunalt oppgåvefellesskap (KO). Styret må vera både effektivt, inkluderande og løysingsorientert. Det er ikkje noko som tyder på at ikkje styret i Friluftsrådet Vest har fungert godt til no, men det er om å gjera å finna ut kva som er rett storleik for framtida. Talet på styremedlemar har dessutan og ei økonomisk side, i og med at alle styremedlemar har rett på godtgjersle for det arbeidet dei utfører. Vidare kan vi heller ikkje utelukka at fleire kommunar i framtida kan søkja om å bli medeigarar i Friluftsrådet Vest. Då vil styret, med dagens ordning, veksa ytterlegare.

Eigarkommunane til Friluftsrådet Vest er medeigarar i fleire større verksemdar i regionen som anten er heileigde av kommunane eller har kommunane som majoritetseigar. Nokre av desse verksemdene har ein storleik som gjev dei tilsette rett til å velja styremedlemar som er valde av og blant dei tilsette. Blant dei større heil- eller majoritetseigde kommunale verksemdene i regionen er samansetjinga av styret slik:

- Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM): 7 eigarvalde, 1 valt av og blant dei tilsette
- Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM): 7 eigarvalde, 1 valt av og blant dei tilsette
- Karmsund Havn IKS: 5 eigarvalde, 1 valt av og blant dei tilsette
- Haugaland Vekst IKS: 5 eigarvalde
- Region Sunnhordland IKS: 5 eigarvalde
- Krisesenter Vest IKS: 5 eigarvalde
- Haugaland Kraft AS: 6 aksjonæervalde, 3 valde av og blant dei tilsette

Eit styre med sju medlemar i Friluftsrådet Vest vil såleis harmonera godt med det som er praksis i andre offentleg eigde verksemdar i regionen.

I tillegg til revidert selskapsavtale er det og utarbeidd ein revidert instruks for valnemnda i Friluftsrådet Vest. Instruksen ligg som prenta vedlegg til saka.

Innkomne merknadar

Ikkje aktuelt.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Friluftsrådet Vest KO vil få reduserte utgifter til styrehonorar når talet på styremedlemar blir redusert frå 13 til sju. Styret har normalt fire møte per år, og møtegodtgjersla for styremedlemane er 2.000 per møte. Med ein reduksjon på seks medlemar vil innsparinga bli 48.000 kroner per år. I tillegg kjem reduserte utgifter til reiser til og frå møta og servering i møta. Dessutan er styremedlemane inviterte til å delta på møta i representantskapet. Dette utløyser også rett til møtegodtgjersle og dekking av reiseutgifter. Reduserte utgifter til deltaking på møte i representantskapet vil såleis vera 12.000 kroner per år, i tillegg til reiseutgifter. Styreleiar har ei fast godtgjersle på 32.000 kroner per år.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Rådmannen ser det som fornuftig å redusera talet på styremedlemar i Friluftsrådet Vest KO, slik representantskapet gjer framlegg om. Styret vil etter endringa få ein storleik som harmonerer godt med det vi finn i andre verksemder i regionen som anten er heileigde av kommunane eller det er offentleg majoritetseigarskap. Det er og eit vitig poeng at rolledelinga mellom representantskapet og styret blir tydelegare når ikkje alle er representerte både stadar, og når instruksen for valnemnda slår fast at styret skal setjast saman av personar med komplementær kompetanse. Punkt 3b i instruksen nemner eksplisitt desse områda som viktige: offentleg forvaltning og politikk, friluftsliv og naturforvaltning, økonomi og organisasjonsstyring og strategisk utvikling.

Som det går fram av avsnittet om økonomiske konsekvensar, vil Friluftsrådet Vest få monaleg reduserte utgifter til styrearbeidet ved å endra storleiken på styret frå 13 til sju. Dette er pengar som i staden kan nyttast i kjerneverksemda til rådet. Det vil også bli lettare å koordinera møta i styret om styret får færre medlemmar.

Friluftsrådet Vest gjer eit svært viktig arbeid i heile storregionen, og det er godt dokumentert at friluftsliv har stor positiv effekt på folkehelsa. I Meld. St. 18 (2015–2016) skreiv regjeringa mellom anna dette: «Forskning viser at innanfor de fleste typene fysisk aktivitet er oppslutningen størst blant mennesker fra de høyeste sosiale lagene. Unntaket er friluftslivsaktiviteter, som har en jevn fordeling blant folk, både målt etter deres egen utdannelse, foreldres utdannelse, egen inntekt og

husstandsinnpekt (Breivik og Rafoss 2012)». Friluftsrådet spelar med andre ord ei sentral rolle i folkehelsearbeidet i kommunane, der utjamning av sosiale skilnader er ein viktig komponent, og det er difor viktig at vi med jamne mellomrom ser på justeringar av selskapsavtalen for å gjera rådet sitt arbeid endå meir effektivt.

Rådmannen minner elles om at endringa av selskapsavtalen må bli godkjend av alle eigarkommunane for å vera gjeldande.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til vurderinga ovanfor og framlegg til vedtak først i saka.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- LOV-2018-06-22-83; Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- LOV-1957-06-28-16; Lov om friluftslivet (friluftsløven)
- LOV-2011-06-24-29; Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)